



Fjelly - ein triveleg møteplass i fjellet

**Uskedalen er alt i dag ein sentral kurs- og møteplass.
Men meir kan gjerast for å reindyrka dette tilbodet.**

Dette var noko av det som vart drøfta på møte i Uskedalen utvikling
Bruken av Helgheim og Gamleskulen til kurs og møte har auka mykje dei siste åra.

Uskedal skule, Aktivitetshuset , Dønhaug Gjestegard, KV sine lokale og
Solheim Turiststasjon er og godt eigna og vert mykje brukt.
Lions og Rotary i Kvinnherad brukar Uskedalen fast til sine møte.

Kommunen vil i samband med Folkemusikkveka 2012 bruka
Helgheim til kurs- og konsertlokale. Dette gjeld både no i vår og til hausten.
Bøkkerverkstaden er alt tinga til nokre personalsamlingar i sommar. Meir kjem.

Møterommet på Friluftsplassen vart brukt mykje på 1980-talet og framover.
Plassen er mindre brukt i dag.
Nokre lag brukar likevel lokale fast og med ei renovering, kan bruken ta seg opp.

Svært gledeleg er det at ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet er til fri utleige.
Det er eit framifrå tilbod til bygdefolk og tilreisande.

På nettsida uskedalen.no og i brosjyrar vil vi informera meir
om dei lokala bygda har for utleige.

Av Kristian Olav Bringedal